

**Rekneskapsrapport pr. mars 2021**

Saksbehandler: Ingrid Karin Kaalaas	Arkivkode: FE-210
Arkivsaksnr: 21/2124	JournalpostID: 21/24897

	Bjørnafjorden formannskap	
--	---------------------------	--

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2021 til orientering.

**Samandrag av saka:**

Kommuneøkonomien er tryggare enn tidlegare og prega av lite handlingsrom. Pandemien pregar fortsatt delar av kommunen. Innsparingiltaka vedr prosjekt B22 er godt i rute for 2021, men det ligg likevel an til meirutgifter i sektorane. Dette gjev grunn til uro, særleg med tanke på at vi skal i gang med ytterlegare innsparingskrav for 2022.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

Klima:

Saka har ikkje direkte konsekvensar for klimaet.

Folkehelse:

Saka har ikkje direkte konsekvensar for folkehelsa.

Bjørnafjorden, 28.04.2021

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

**Saksframlegg:**

<b>Samlerapport drift 2021 - Mars</b>						
<b>Sektor</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Forbruk %</b>	<b>Rekneskap 2021</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Forbruk %</b>
<b>Frie inntekter</b>	(327 367 255)	(1 140 137 000)	29 %	(309 815 383)	(1 153 463 000)	27 %
<b>Finans</b>	38 352 812	108 752 747	35 %	34 521 270	130 669 749	26 %
<b>Fellesområde</b>	13 328 974	41 339 740	32 %	13 701 906	52 322 820	26 %
<b>Stab</b>	33 980 586	88 977 450	38 %	27 269 124	76 900 848	35 %
<b>Oppvekst</b>	180 943 335	680 208 381	27 %	231 261 044	662 810 181	35 %
<b>Helse og Velferd</b>	165 475 858	82 543 168	200 %	55 374 891	99 549 128	56 %
<b>Samfunnsutvikling</b>	30 897 108	138 315 514	22 %	22 056 733	131 210 274	17 %
<b>Sum</b>	<b>135 611 416</b>	<b>-</b>		<b>74 369 586</b>	<b>-</b>	

**Frie inntekter**

Prognose: Frie inntekter ser førebels ut til å gå i balanse i 2021, men skatteinntekten er usikker.

Rammetilskot

Stortinget har løyvd ekstra midlar til kommunane i samband med vaksinerings mot Covid-19. Midlane er fordelt etter innbyggartalet, og Bjørnafjorden kommune har fått kr 2.323.000. Kommunedirektøren vil kome tilbake til ev. overføring av midlane til Helse og velferd i 1. tertial 2021.

Skatteinntekter

Skatteinntekten i mars var svært god. Mars er ein «stor» skattemånad så dette har gjort stort utslag på samla tal. Skatteveksten pr. mars er på 7,3% i forhold til 2020. For kommunesektoren samla er talet 8%. Skatteetaten opplyser at dette har samanheng med at det har vore ein monaleg auke i innbetalt forskotsskatt for personlege skattyttarar samanlikna med mars 2020. Dette kan forklarast med at det i 2020 blei gitt ein utsett frist for betaling av forskotsskatt (frå 16.03 til 04.05) som eitt av korona-tiltaka. Det har og vore ein auke i innbetalt forskotstrekk samanlikna med mars i fjor, men auken er noko lågare enn i eit «normalår». Dei store svingane i tala gjer det vanskeleg å gje ein prognose, men det er grunn til å tru at kommunen sin skatteinntekting for 2021 vil ligge nær landsgjennomsnittet.

Andre generelle driftsinntekter

Det er i 2021 budsjettert med 10 mill. kr i Havbruksmidlar, 19,6 mill. kr i integreringstilskot flyktingar og 2,5 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken. Det er for tidleg å seie korleis desse postane vil bli.

**Finans**

Finans ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Det er teikn i marknaden til at rentenivået vil auke framover. Dette vil i tilfelle kunne medføre at renteutgiftene blir høgare enn budsjettert. Det er imidlertid for tidleg å varsle meirforbruk

enno, men vi følgjer utviklinga vidare ut over året. Ein renteauke vil i tilfelle få mest å seie for neste års budsjett og åra framover.

Det er ikkje budsjettert med inntekter/avkastning frå den langsiktige finansportefølja, då dette er ei usikker inntekt. Pr. mars 2021 har den langsiktige finansportefølja ei avkastning på kr 3.460.000, tilsvarande 2,2%.

## **Fellesområde**

Prognose: Fellesområde ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon. Rekneskapen for Folkevalde organ og Fellesutgifter ser så langt greie ut i forhold til budsjett.

### Pensjon

Lønsoppgjeret for kommunal sektor er i gang. Det er for tidleg å seie noko kva som blir resultatet av forhandlingane, men med bakgrunn i forhandlingane i Frontfaga i privat sektor, er det grunn til å tru at også lønsforhandlingane i kommunal sektor blir høgare enn det pensjonsleverandørane la til grunn for 2021. Det vil i tilfelle innebære at reguleringspremien, og dermed samla pensjonspremie, blir høgare enn budsjettert.

Kommunen har budsjettert med ein inntekt vedr premiefondet i KLP på 5 mill. kr (fond i KLP sin rekneskap for tilbakeførte premier og tilført overskot). KLP har gitt oss ein prognose på at 9,2 mill. kr vil bli overført premiefondet vårt på bakgrunn av KLP sitt overskot i 2020. Midlane kan berre brukast til å betale framtidige pensjonspremiar/faktura frå KLP.

Som nemnt i rekneskapsrapporten for februar vil kommunane få ei ekstraordinær tilbakeføring av midlar frå KLP som følge av at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar er redusert som følgje av ny pensjonsordning frå 2020 (med andre ord at den nye pensjonsordninga for kommunalt tilsette er billigare for pensjonsleverandørane enn den gamle ordninga). Beløpet for Bjørnafjorden kommune er estimert til 109,8 mill.kr. Midlane vil inntil vidare stå på eit lukka premiefond. Midlane kan berre brukast til å betale framtidige pensjonspremiar/faktura frå KLP. Vi må kome tilbake til korleis vi skal gripe dette an. Kommunane vil få stadfesta endelege tal etter generalforsamlinga i KLP i mai.

Det gjenstår pr mars innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 500.000 (vedr redusert politisk møteverksemd) og kr 1.675.000 vedr Fellesutgifter som er under arbeid.

## **Stab**

Prognose: Stab ser førebels ut til å få eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr i 2021.

Den store utfordringa for Stab ut over innsparingskrava i B22 er knytt til IT. Mesteparten av kommunen sine utgifter til datakommunikasjon, linjeleige, datautstyr og programvare blir ført på Stab. Etter kommunesamanslåinga er dobbeltavtaler sagt opp og programvare-lisensar som ikkje er i bruk fasa ut. Verktøy for overvaking av infrastruktur er skifta, noko som har gitt store innsparingar. Skjerpa krav til sikring av kommunen sine data, oppgradering av programvare, fiber til nye bygg og prisauke er døme på forhold som drar i motsett retning. Vi varslar om eit sannsynleg meirforbruk på ca. 5 mill. kr for 2021.

Det gjenstår pr mars innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 2.490.000 som er under arbeid.

## **Oppvekst**

Prognose: Oppvekst ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Dei fleste skulane ser ut til å klare å drifte i balanse i år, men det krev nøye omfordeling av ressursar i forhold til elevtal og tildelingsmodell. Også barnehage-området ser i store trekk

greitt ut, men utfordringa er tilretteleggingstiltak for barn med nedsett funksjonsevne( §37 i barnehagelova). Det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på dette. Førebyggjande helseteneste har fått noko mindre tilskot frå helsedirektoratet og vil trekke ned drifta frå juni for å halde budsjettet. Barnevernet meldar om fleire plasseringar enn tidlegare samt kostnadskrevjande tiltak for å unngå plasseringar, og det er såleis ein risiko for at dei ikkje vil halde seg innafør budsjettramma. PPT ser ut til å drifte i rute.

Det gjenstår pr mars innsparingskrav (prosjekt B22) på kr på kr 4.957.000 som er under arbeid.

## Helse og velferd

Prognose: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk i 2021 på ca. 12 mill. kr.

Dei fleste einingane ser ut til å gå i balanse i løpet av året. NAV, Forvaltning og koordinering, Helsefremming og rehabilitering, Tilrettelagte tenester for barn og unge, Psykisk helse og rus meldar alle om at dei ser ut til å drifte innafør budsjettrammene sine.

Heimetenestene er framleis i rute økonomisk, men dei to sjukeheimane har store utfordringar. Høge brukarbehov innan demensomsorga har ført til at ein over tid har gått med ekstrabemannning. Sjukeheimane har og store utfordringar med rekruttering, og dei mange ledige stillingane gjev utslag i dyrare drift og skapar ein usikker situasjon. Det ser ut til at ein må bruke vikarbyrå for å få vaktlistene til å gå opp i sommar, og pandemien fører framleis til ekstraavgifter i sjukeheimane. Om dette driftsnivået held fram vil ein kunne få eit meirforbruk på ca. 19,5 mill. kr i 2021. Vi reknar med at SIO midlar kan dekke dette i år.

Tilrettelagte tenester for vaksne har ekstra bemanning rundt ein brukar, og nyttar framleis vikarbyrå for å dekke opp for ledige stillingar. Det er venta at dette vil medføre eit meirforbruk på ca. 1,5 mill. kr i 2021. Vi reknar med at SIO midlar kan dekke dette i år.

Korona-legevakta er ein ekstraavgift knytt til pandemien, og det er pr. no vanskeleg å seie kor lenge vi må oppretthalde denne tenesta. Pr no legg vi til grunn ein utgift på ca. 5 mill. kr i 2021. Også ordinær legevakt og legetenester ser ut til å få meiravgifter – noko av dette er knytt til Covid – 19 medan noko gjeld høgare lønsavgifter til legane enn budsjettert.

Meiravgifta er rekna til ca. 2 mill. kr i 2021.

Store rekrutteringsutfordringar og mangel på fastlegar på Eikelandsosen helsesenter gjer at ein må leige inn vikarar frå byrå, noko som er kostnadskrevjande. Om dette held fram kan det blir eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr ved årsslutt.

Det gjenstår pr mars innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 2.290.000 som er under arbeid.

## Samfunnsutvikling

Prognose: Samfunnsutvikling ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Vintervedlikehaldet er den største utfordringa for Samfunnsutvikling i år, men fleire brann-utrykkingar og lave inntekter vedr byggesak bidrar også til at sektoren har vanskar med å halde budsjettramma. Det er identifisert innsparingar (t.d. intern rekruttering av stilling) og meirinntekter som kan bøte på ein del av dette. Sektoren arbeidar med nye konkrete tiltak/innsparingar med sikte på å halde seg innafør budsjettramma.

Samfunnsutvikling har gjennomført innsparingskrava (B22), men arbeidar med ytterlegare tiltak, ref tiltakslista.

Bjørnafjorden, 28.04.2021

Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*